

Interpellasjon fra Lindås Høgre v/Karl Vågstøl til Kommunestyremøte 23.05.2019.

Til ordfører i Lindås Kommune

Byrådet i Bergen med AP, KrF og V har gått inn for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua. Det betyr at Bergen i tilfelle kjem til å senda ein betydelig del av rekninga for kollektivsatsinga si til Nordhordland.

Da kommunane i Nordhordland allereie har vedtatt ein bompakke, Nordhordlandspakken, risikerer vi no å få to bomstasjoner som ikkje «kommuniserer» med kvarandre ved Nordhordlandsbrua, jamfør timesregelen. Innbyggjarane i Nordhordland risikerer altså å måtta betala i to bomstasjonar for å kryssa brua.

Det fremgår av kommunikasjonen fra byrådet i Bergen at dei er samd med Hordaland Fylkeskommune om flytting av bomstasjoner til Nordhordlandsbrua. Det fremgår imidlertid ikkje korleis fylket har behandla dette. Er det administrativt behandla? Er det forankra politisk?

Bergensområdet er ein felles bu- og arbeidsregion. Folk pendlar fra Nordhordland til Bergen og fra Bergen til Nordhordland for å dra på jobb. Dei forslag til endringar som byrådet har lagt fram skaper store utfordringer både for enkeltpersonar og for næringsverksemd.

Om Bergen skulle få gjennomslag for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua set det innbyggjarane våre i ein uakseptabel situasjon med tanke på Nordhordlandspakken som er på trappene. I så tilfelle er det derfor nødvendig å stoppa opp, ta eit steg tilbake og sjå på Nordhordlandspakken på nytt i eit større perspektiv.

Spørsmål:

1. Forelegg der opplysninger om kva handsaming som har vore i Hordaland Fylkeskommune mht. flytting av bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua?
2. Kva initiativ er tatt og vil bli tatt inn mot byrådet og bystyret i Bergen for å få endra innstillinga om å flytta bomstasjoner frå Åsane til Nordhordlandsbrua?
3. Eit vedtak om å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua må godkjennast av Hordaland Fylkesting. Kva initiativ er tatt og vil bli tatt for å få Fylkestinget til å ikkje godkjenna dette?

Lindås Høgre fremmar følgjande forslag til vedtak:

Lindås kommunestyre oppmodar Statens vegvesen om å stansa arbeidet med å etablera dei nye bomstasjonane i Nordhordlandspakken til byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablera bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklara.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedteke i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar som samordnar bompengeneinnkrevjinga i Bergensområdet.



Karl Vågstøl

Lindås Høgre